



Advokat Vegard Nataas

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/3639 - 17/35171

Saksbehandlar:

Kjartan Nyhammer

kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:

13.12.2017

GBNR 103/13 Fjellanger - Svar på søknad om konsesjon

Administrativt vedtak. Saksnr 604/17.

Dokument i saka :

Søknad om konsesjon, motteke 7.desember 2017

Saka gjeld :

Kristina Lie Johannesen søker om konsesjon for kjøp av gbnr 103/13 Fjellanger, ein utmarksteig på 15,9 dekar. Parsellen vert kjøpt saman med den konsesjonsfrie bebygde fritidseigedomen gbnr 103/34. Sidan dei to eigedomane ikkje er samanføyde er dei to separate eigedomar.



Lovverk :

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Alle ubebygde og uregulert eigedomar over 2 dekar er konsesjonspliktig. Då denne eigedomen er 15,9 dekar må ein få konsesjon for å kunne kjøpe eigedomen. Då eigedomen har mindre enn 35 dekar full- og overflatedyrka jord kviler det ikkje buplikt på eigedomen.

Vurdering :

Formålet med konsesjonslova er å regulera og kontrollere omsetninga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern av landbrukets produksjonsarealer og slike eigar – og bruksforhold som er nest gagnleg for samfunnet, mellom anna for å tilgodesjå :

- Framtidige generasjonar sine behov
- Landbruksnæringa
- Behovet for utbyggingsgrunn
- Omsynet til miljø, allmenne naturverninteresser og friluftsiinteresser
- Omsynet til busetting

Det aktuelle arealet har ingen samfunnsmessig verdi då den ikkje representerer noko betydelig verdi for landbruket. Det er ingen planar for utbygging i det aktuelle området. Det er ikkje buplikt på eigedomen.

Konklusjon :

Søklar får konsesjon for kjøp av gbnr 103/13.

Vedtak :

Lindås kommune gjev Kristina Lie Johannesen konsesjon for kjøp av gbnr 103/13 Fjellanger i Lindås kommune. Vedtaket har heimel i § 1 i konsesjonslova.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til kommunen if. Lov om off. forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen du mottek vedtaket. Det er nok at klagen er motteken innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr :

Sakshandsamingsgebyr knytta til enkle konsesjonssaker er kr 2000 jfr gjeldande gebyrregulativ for Lindås kommune. Faktura vert sendt til Advokat Nataas

Med helsing

Kjartan Nyhammar
landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mottakarar:
Advokat Vegard Nataas